



Arkivnr: 2016/34147-5

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.08.2017

**Pilotprosjekt Vestlandet - vidare framdrift****Samandrag**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har etter initiativ frå fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane stilt seg positivt til å medverke i arbeidet med å vurdere innretting og prosess for utvikling av pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i ein ny Vestlandsregion. Hordaland og Sogn og Fjordane ynskjer å vidareføre dette arbeidet, sjølv om ikkje Rogaland er med. KMD er positiv til dette, og har bedt dei to fylkeskommunane søkje om gjennomføring av eit forsøk – Pilotprosjekt Vestlandet. Denne saka gir ein oversikt over kva som har skjedd etter det innleieande initiativet frå fylkesordførarane. No trengs det politiske forankring for å avklara rammene for det vidare arbeidet. Sogn og Fjordane legg fram ei liknande sak for sitt fylkesutval 28. august 2017.

**Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet gir si tilslutning til at Hordaland fylkeskommune går saman med Sogn og Fjordane om å gjennomføre Pilotprosjekt Vestlandet.
2. Fylkesutvalet ber Fylkesrådmannen følgje opp invitasjonen om eit møte med Kommunal og moderniseringsdepartementet for korleis ein pilot kan innrettast.
3. Fylkesutvalet ber Fylkesrådmannen setje i gang forstudiet etter den framlagte framdriftsplanen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg:**

1. Pilotprosjekt Vestlandet – brev frå fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane
2. Svarbrev frå statsråd Jan Tore Sanner
3. Svarbrev frå Monica Mæland
4. Skisse til brev der Hordaland og Sogn og Fjordane takkar ja til invitasjonen frå KMD

**Fylkesrådmannen, 25.07.2017**

## Bakgrunn

Den 11. november 2016 sendte fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane eit brev til statsrådane Jan Tore Sanner og Monica Mæland der dei foreslo oppretting av eit pilotprosjekt for å vidareutvikle og samordne statleg- og regional verkemiddelbruk i forhold til den framtidige regionen.

I svarbrevet frå statsråd Jan Tore Sanner, datert 28. november 2016, vart dei tre fylkeskommunane invitert til eit møte for å drøfte korleis ein pilot kan innrettast, og korleis prosessen kan leggjast opp. Føresetnaden var positive vedtak om samanslåing i dei tre fylka. Statsråd Monica Mæland var også positiv til initiativet frå Vestlandet i sitt svarbrev, datert 21. desember 2016.

Som kjent vart det positive vedtak til samanslåing i Hordaland og Sogn og Fjordane, og i «*Prop. 84 S (2016–2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, kapittel 10.9 Forsøk som forvaltningsutvikling*

*«Kommunal- og moderniseringsdepartementet har etter initiativ frå fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane stilt seg positivt til å medverke i arbeidet med å vurdere innretting og prosess for utvikling av pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i ein ny Vestlandsregion. Utvikling av ein slik pilot føreset samanslåing til eit større Vestlandsfylke. Dersom det er aktuelt for Hordaland/Sogn og Fjordane å vidareføre dette arbeidet, må dei søkje om gjennomføring av eit forsøk, dersom det inneber unntak frå gjeldande lover og forskrifter eller anna formell endring av ansvar og styresmakt mellom staten og fylkeskommunane.»*

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman Hordaland og Sogn og Fjordane. No ynskjer dei to fylkeskommunane å etablere eit samarbeid med statleg nivå for å avklare rammene for eit pilotforsøk.

## Rammer for vidare arbeid

I den nye fylkeskommunen på Vestlandet vil koordinering av regional samfunnsutvikling bli ei hovudoppgåve. Samfunnsutviklingsrolla er ei utviding av fylkeskommunen si noverande rolle som regional utviklingsaktør, med koordinerande funksjon mellom statleg sektorpolitikk og heilskapleg regional samfunnsutvikling. Dette gir den nye fylkeskommunen ei viktig rolle i tilrettelegginga og koordineringa av fleire sektorforskrifter ver�emiddel for samfunnsutvikling, som igjen har påverknad på den framtidige arbeidsmarknaden på Vestlandet.

Fleire statsetatarar arbeider for tida parallelt med nye regionale strukturar, og vi ser at sentrale styresmakter har tatt initiativ til å sjå dei nye grensene i ein samanheng. Det er difor viktig at eit slik pilotforsøk har ei breiare tilnærming enn berre næringsfeltet. Forstudiet bør også vurdere å omfatte samfunnsutvikling og forvaltingsoppgåver innafor kultur, opplæring, forsking, samt NAV sitt auka fokus på regional utvikling og innovasjon.

## Framdrift

Eit godt forankra forstudie vil avklare korleis oppgåvene til det statlege og regionale verkemiddelapparatet kan samordnast og koordinerast på ein betre måte. Pilotprosjektet vil særleg vurdere samordning av oppgåver innan innovasjon, forsking og innovasjonsretta infrastruktur. Døme på andre felt kan vere regionale tema innan landbruk, mat og bioøkonomi generelt, miljø/klima, kultur og utdanning, samt regionalisering av fylkesleddet til NAV. Forstudiet vil vidare vurdere i kva form ei slik samordning kan skje, og kva politiske og administrative styringsverktøy som må endrast/etablerast. Tenkt framdrift for det vidare arbeidet kan bli som fylgjer:

- **Mandat – innan 31.09.17.** Etablira felles mandat for ein forstudie.
- **Forstudie – innan 31.12.17:** Val av verkemiddel for regional koordinering, type og omfang. Forslag til etablering av politisk og administrativ organisering og avgjerdssystem. Avklare samarbeid og fordeling av oppgåver mellom statlege- og regionale organ. Forankring av pilotforsøket.
- **Avklaring og formelle vedtak innan 31.12.17.** Forankre forslaga og gjera naudsynte vedtak på regionalt og statleg nivå. Konkretisere forslaget i budsjett og planar på begge nivå.
- **Pilotfylke 1 – Første halvår 2018:** Etablering av pilot- og prøveordningar på vedtekne område. Koordinere med eksisterande verkemiddel.

- **Evaluering – innan 30.06.19** Gjennomføre evalueringar og vurderingar for å nytte desse i samband med innføring av regionreforma frå januar 2020.

Dei to fylkeskommunane, som skal bli det nye Vestlandet, er klar til å starte arbeidet med pilotprosjektet så raskt som det er praktisk mogleg. Fylkesrådmannen tilrår difor at Hordaland fylkeskommune takkar ja til invitasjonen frå statsråden om eit møte for å drøfte korleis ein pilot kan innrettast, og korleis prosessen kan leggjast opp.